

**Emne:** Køyregodtgjersle i fylkeskommunen i samband med at eg bur på hybel i Førde.

---

**Fra:** Nils Petter Støyva

**Sendt:** 14. oktober 2014 14:35

**Til:** Tore Eriksen

**Emne:** Køyregodtgjersle i fylkeskommunen i samband med at eg bur på hybel i Førde.

Underteikna har teke til på arbeid i Førde. Av denne grunn vekependlar eg og bur på hybel i Førde. I helgar og enkelte vekedagar bur i Stryn.

Frå fylkeskommunen sitt regelverk for arbeidsvilkår til folkevalde kan vi lese:

**6. Skyss- og kostgodtgjersler m.v.**

*Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet.*

*Utgangspunkt og returpunkt for reisene skal vere folkeregisteradresse. For studentar kan studiestadadressa reknast som utgangspunkt og returpunkt dersom dei reiser på rimelegaste måte. Fylkesutvalet kan i særskilde tilfeller gi dispensasjon frå reglane om utgangspunkt og returpunkt.*

Slik regelverket er i dag **skal** eg alltid skrive reiserekning med utgangspunkt der eg er registrert i folkeregisteret (Stryn). Ved deltaking på t. d. møte i Førde, skal eg etter regelverket **såleis** skrive reiserekning Stryn – Førde – Stryn. Dette tykkjer eg blir feil i dei tilfelle der eg likevel er på arbeid i Førde. Sett frå min ståstad er det rettast for meg å skrive reisrekningane med start- og sluttspunkt der eg faktisk reiser.

**Eg søkjer med dette om å få skrive reisrekningane til fylkeskommunen med start- og sluttspunkt der eg faktisk reiser.**

Helsing

Nils Støyva

---

Telefon: 911 03 124 / 57 87 16 31 <http://www.sfj.no>

Epost: [nils.petter.stoyva@sfj.no](mailto:nils.petter.stoyva@sfj.no)